

# VEDTEKTER FOR Vekselbanken



Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



GODKJEND PÅ GENERALFORSAMLINGA 20. APRIL 2016



# **VEDTEKTER FOR VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA**

## **Kap. 1. Firma. Kontorkommune. Formål.**

### **§ 1 - 1**

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er skipa den 1. mars 1899 og har forretningskontor (hovudkontor) på Voss. Banken er eit allmennaksjeselskap. Banken kan i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldane lover og reglar utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører.

## **Kap. 2. Aksjekapital. Ansvarleg kapital. Aksjar.**

### **§ 2 - 1**

Aksjekapitalen i banken er kr 9.500.000,- oppdelt på 1.900.000 aksjar à kr 5,- fullt innbetalte.

I samsvar med dei til ei kvar tid gjeldane lover og reglar kan generalforsamlinga vedta å ta opp ansvarleg lånekapital og annan framandkapital, opp til ein samla sum som svarar til 100 % av den bokførte eigenkapitalen i banken.

### **§ 2 - 2**

Aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA skal vera registrerte i Verdipapirsentralen. Alle overdraginger av aksjar skal meldast av den tidlegare eigaren eller den som har fullmakt på vegne av den tidligare eigaren til Verdipapirsentralen innan ein månad.

Overdraging må godkjennast av styret i banken. Samtykke til overdraging kan berre nektast når det er sakleg grunn til det. Nekting av samtykke kan krevjast grunngjeve skriftleg.

Ingen kan eiga meir enn 10 % av aksjekapitalen i banken. Retten til å delta og stemma på generalforsamlinga kan berre nyttast når ervervet er innført i aksjeregisteret den femte virkedagen før generalforsamlinga (registreringsdatoen). Elles kan den som får overdrege ein aksje, ikkje nyitta dei rettar som tilkjem ein aksjeeigar med mindre han er registrert i Verdipapirsentralen sitt aksjeeigarregister, eller han har meldt og godtgjort aksjeoverdragninga si.

## **Kap. 3. Generalforsamlinga.**

### **§ 3 - 1**

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av april månad. For ekstraordinær generalforsamling gjeld føresegnehene i allmennaksjelova § 5 - 7.

Generalforsamlinga skal innkallast av styret. Innkallinga skal kunngjerast i eigna medium/kanalar med mindre ein sender innkalling til alle aksjeeigarar med kjend opphaldsstad. I innkallinga kan det krevjast at aksjeeigarar som vil møta, må ha meldt dette til hovudkontoret seinast fem dagar føreåt.

Innkallinga må sendast ut seinast 21 dagar før ordinær generalforsamling. Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengelege for aksjeeigarane på banken sine internetsider, gjeld ikkje krav i lova om at dokumenta skal sendast til aksjeeigarane. Dette gjeld også dokument som etter lov skal takast med eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Ein aksjeeigar kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Medlemene av styret og revisor skal innkallast til generalforsamlingsmøta. Dersom generalforsamlinga for det einskilde tilfelle ikkje avgjer noko anna, har styret sine medlemer rett til å vera tilstades og til å uttala seg på møte i generalforsamlinga. Styreleiar og administrerande direktør har plikt og rett til å vera til stades med mindre dette er openbert uturvande eller det føreligg gyldig forfall.

### **§ 3 - 2**

Styreleiar eller den styreleiar utpeikar, opnar generalforsamlinga og styrer møtet.

### **§ 3 - 3**

Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den øvste myndigheita i banken. På generalforsamlinga er røysteretten avgrensa i samsvar med § 3 - 6. Alle avgjerder skal treffast med vanleg fleirtal, med mindre anna fylgjer av lov eller vedtekter.

Den ordinære generalforsamling skal:

1. Velja styremedlemer med varamedlemer i samsvar med § 4 - 1.
2. Velja ei valnemnd i samsvar med § 4 - 2.
3. Godkjenna årsrekneskapen og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte.
4. Handsama andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.
5. Velja revisor eller revisjonsfirma.
6. Fastsetja godtgjersla til banken sine tillitsvalde og revisor.
7. Fastsetje retningslinjer for valnemnda.

### **§ 3 - 4**

Når generalforsamlinga er opna, skal møtestyraren setja opp liste over møtande aksjeeigarar og representantar for aksjeeigarar med oppgåve over kor mange aksjar og røyster kvar av dei representerer. Denne lista skal nyttast til ho måtte verta endra av generalforsamlinga.

### **§ 3 - 5**

Det skal røystast skriftleg dersom ikkje alle som møter samtykkjer i røysting på annan måte.

### **§ 3 - 6**

På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine eigne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansføretakslova § 6 – 5.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 200 aksjar gjev ei røyst
- 201 - 400 aksjar gjev to røyster
- 401 - 800 aksjar gjev tre røyster
- 801 - 2.000 aksjar gjev fire røyster

Fleire enn 2.000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha.

### **§ 3 - 7**

Møtestyraren skal syta for at det vert ført protokoll over generalforsamlinga. Protokollen skal underskrivast av møtestyraren og minst ein annan person som vert vald av generalforsamlinga mellom dei som er til stades.

## **Kap. 4. Styret.**

### **§ 4 - 1**

Styret er på fem medlemer, der fire er valde av generalforsamlinga og eitt er vald av og blant dei tilsette.

Administratorande direktør og minst halvdelen av medlemene i styret må vera busett i riket og ha budd her i dei to siste åra, eller vera statsborgarar i stat som er part i EØS-avtalen og busett i ein slik stat.

For styremedlemer valde av generalforsamlinga skal det veljast to varamedlemer i prioritert rekjkjefylgje med møterett i styret.

For tilsettrepresentanten skal det veljast eitt personleg varamedlem med møterett i styret.

Styreleiaren og nestleiaren skal veljast særskilt for to år annakvart år.

Medlemer vert valde for to år, der halvparten skal stå på val annakvart år.

Varamedlemer vert valde for eitt år.

Eit styremedlem kan som hovudregel ikkje attveljast etter 12 års samla tenestetid.

I staden for styremedlem som går ut før valperioden er ute, skal det ved første høve veljast ny medlem for resten av perioden.

#### **§ 4 - 2**

Valet av styremedlemer skal førebuast av ei valnemnd. Nemnda skal bestå av ein leiar, to medlemer og ein varamedlem valde av generalforsamlinga. Valnemnda har møteplikt og talerett på generalforsamlinga.

For at valnemnda skal kunne vurdere krava til kompetanse og om foreslegne kandidatar er skikka og kan veljast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldane lover, reglar og retningslinjer, må framlegg på styremedlemer vera valnemnda i hende seinast 1. februar det året ordinær generalforsamling skal haldast. Ved ekstraordinær generalforsamling, skal frist for innmelding av kandidatar kunngjerast i innkallinga.

#### **§ 4 - 3**

Styreliaaren kallar saman styret som skal ha møte så ofte verksemda i banken tilseier det, eller når eitt styremedlem krev det.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av styremedlemene er til stades. Styret kan likevel ikkje ta avgjerd med mindre alle medlemer av styret så langt råd er har fått høve til å vera med på førehaving av saka.

Som styrevedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for, eller står røystene likt, det som møteleiaaren har røysta for. Dei som røystar for eit vedtak, må alltid vera minst halvparten av alle styremedlemene.

#### **§ 4 - 4**

Styret skal syta for forsvarleg organisering av føretaket, sjå til at krava til organisering av verksemda og etablering av forsvarlege styrings- og kontrollsistem vert etterlevd, og elles fylgja dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og retningslinjer.

Styret skal mellom anna fastsetja planar, budsjett og retningslinjer for bankverksemda, samt reglar om teieplikt for opplysningar om føretaket og banken si verksemde.

Styret kan delegera fullmakter til administrasjonen og vedta i kva utstrekning desse kan gje kredittar og elles gjera vedtak på vegne av banken, og i kva utstrekning saker skal rapporterast til styret.

#### **§ 4 - 5**

Styret tilset administrerande direktør, og fastset godtgjersla/løn.

Administrerande direktør har rett og plikt til å delta i styret si handsaming av saker og til å uttale seg, med mindre anna fylgjer av reglane om inhabilitet i § 9-5 i finansføretakslova eller er bestemt av styret i den enkelte sak. Administrerande direktør kan krevja at styret handsamar ei bestemt sak.

#### **§ 4 - 6**

Styreleiaaren og administrerande direktør teiknar kvar for seg firmaet til banken. To valde styremedlemer kan òg gjere det i lag. Styret kan gje særleg nemnde tilsette rett til å teikna bankens firma. Styret kan dessutan gje prokura og spesialfullmakter.

#### **§ 4 - 7**

Administrerande direktør har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med dei til ei kvart tid gjeldande lover og reglar, instruksar fastsette av styret, og retningslinjer samt pålegg styret har gjeve.

### **Kap. 5. Kontrollorgan.**

#### **§ 5 - 1**

Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom styret til generalforsamlinga. Revisjonsmeldinga skal avgjevast minst seks veker før den ordinære generalforsamlinga der rekneskapen skal førehavast.

### **§ 5 - 2**

Eit samla styre kan fungera som banken sitt risiko- og revisjonsutval.

### **§ 5 - 3**

Styret bestemmer om det skal opprettast internrevisjon.

## **Kap. 6. Aldersgrense. Tenestetid.**

### **§ 6 - 1**

Høgste aldersgrense for fast tilsette er 70 år.

## **Kap. 7. Vedtektsendringar.**

### **§ 7 - 1**

Endringar i vedtektena vert avgjort av generalforsamlinga. Vedtak krev tilslutnad av minst to tredjedelar av dei gjevne røyster og av den aksjekapital som er representert på generalforsamlinga.

Framlegg til endringar i vedtektena må vera innsendt til leiaren i styret seinast fire veker før den generalforsamlinga der framlegget skal førehavast.

## **Kap. 8. Iverksetjing.**

### **§ 8 - 1**

Vedtektena tek til å gjelda når dei er godkjende i samsvar med finansføretakslova § 7 – 10. Frå same tid fell bankens tidlegare vedtekter bort.

## **Etterskrift.**

Vedtekter godkjend på generalforsamlinga 20. april 2016 tek til å gjelda 1. januar 2017, men slik at val på valnemnd til årsmøte i generalforsamlinga 2017 skjer etter nye vedtekter – samt evt. andre naudsynte tilpassingar i overgangsperioden.



**FINANSTILSYNET**  
THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Voss Veksel- og Landmandsbank AS  
Postboks 10  
5701 VOSS

| **VÅR REFERANSE**  
16/520

| **DYKKAR REFERANSE**

| **DATO**  
09.05.2016

### **Godkjenning endringar i vedtekter**

Vi viser til brev av 21. april 2016 med vedlegg.

I medhald av lov 4. oktober 2015 om finansforetak og finanskonsern, og på vegne av Finansdepartementet, godkjenner Finanstilsynet endringane i banken sine vedtekter som vedteke i generalforsamlinga 20. april 2016.

For Finanstilsynet

Ole-Jørgen Karlsen  
seksjonssjef

Anders Hole  
tilsynsrådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke handskrivne signaturar.*

**FINANSTILSYNET**  
Revierstredet 3  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00  
Telefaks 22 63 02 26

post@finanstilsynet.no  
[www.finanstilsynet.no](http://www.finanstilsynet.no)

**Saksbehandlar**  
Anders Hole  
Dir. tlf. 22 93 97 72



